

# Forskrift om politivedtekt, Ål kommune, Buskerud.

## *Innholdsfortegnelse*

Forskrift om politivedtekt, Ål kommune, Buskerud. ....	1
Innholdsfortegnelse .....	1
Kapittel I. Allmenne føresegner.....	2
Kapittel II. Orden på offentlig stad .....	2
Kapittel III. Sikring av ferdsla .....	3
Kapittel IV. Reinhold på offentlig stad.....	4
Kapittel V. Hindre tilgrising .....	4
Kapittel VI. Offentlege anlegg .....	5
Kapittel VII. Dyr.....	5
Kapittel VIII. Arrangement på offentlig stad m.v. ....	5
Kapittel IX. Born .....	6
Kapittel X. Ymse føresegner.....	6

Dato	08.04.1999 nr. 334
Kategori	PV
Avd/dir	
Publisert	Avd II 1999 273
Ikrafttredelse	08.05.1999
Sist endret	
Endrer	FOR-1952-07-04-3999
Gjelder for	Ål kommune, Buskerud.
Hjemmel	LOV-1995-08-04-53-§14
Sys-kode	BG07b
Næringskode	9121
Kunngjort	
Rettet	
Korttittel	Forskrift om politivedtekt, Ål

Fastsett av Ål kommunestyre 24. oktober 1996 med heimel i lov av 4. august 1995 nr. 53 om politiet § 14. Stadfesta av Justis- og politidepartementet 8. april 1999.

## ***Kapittel I. Allmenne føresegner***

### ***§ 1. Offentleg stad***

Med offentlig stad er i denne vedtekta meint gate, veg, her medrekna fortau, stig, park, torg e.l., plass, bru, strand, anlegg eller annan stad der det er allmenn ferdsle eller som er bestemt for allmenn ferdsle.

### ***§ 2. Festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn***

Dei plikter som er lagd på eigar av hus eller grunn, kviler også på den som festar, brukar, leiger eller styrer hus eller grunn.

## ***Kapittel II. Orden på offentlig stad***

### ***§ 3. Ro og orden på offentlig stad***

På eller like attmed offentlig stad må ingen vere med i oppstyr, samanstimling, larm eller bråk som skiplar den allmenne orden eller ferdsel.

Når mange menneske samlar seg nær inngang til forsamlingslokale, sports plass, utsalsstad, stoppestad e.l., skal dei stå i kø og elles rette seg etter dei pålegg som politiet eller arrangøren gjev for å halde oppe den allmenne orden eller for å regulere ferdsla.

### ***§ 4. Song og musikk, reklame m.m.***

Den som på eller ut mot offentlig stad vil føre fram song eller musikk, skipa til framsyning eller gjere bruk av høgtalar, må på førehand gje melding til politiet.

Det same gjeld den som på eller nær offentlig stad ynskjer å dele ut eller spreie opprop, lysingar, reklame e.l., eller bruke gåande, køyrande eller flygande reklame.

### ***§ 5. Farleg eller skremmande verksemd***

På, ut over eller like attmed offentleg stad er det forbode:

1. å skyte med gevær eller anna skytevåpen eller med boge o.l.
2. å brenne av krut, fyrverk eller sprengstoff utan at politiet har gjeve løyve.
3. å kaste eller sleppe stein, snøball eller anna som kan vere til skade eller ulempe for dei som ferdast der.

Det er forbode å bere ladd skytevåpen på offentleg stad.

## **Kapittel III. Sikring av ferdsla**

### **§ 6. Hindringar**

På eller ut over offentleg stad er det forbode å setje eller hengje noko som kan vere til hinder eller ulempe for ferdsla.

Markiser skal vere festa så høgt at underkanten minst er 2,5 m over bakken.

### **§ 7. Sport, leik**

Politiet kan sette forbod mot aking og andre former for sport, leik eller spel på bestemt offentleg stad der dette er påkravd av omsyn til ferdsla eller den allmenne orden.

### **§ 8. Sperring av fortau m.v.**

Krev byggjearbeid e.l. at gate, veg eller annan offentleg stad vert heilt eller delvis sperra for ei avgrensa tid, lyt ein på førehand søkje løyve frå politiet. Politiet kan setje nærare vilkår for løyvet.

### **§ 9. Sprengingsarbeid**

Sprenging på eller like attmed offentleg stad skal meldast til politiet på førehand. Politiet kan krevje særlege tryggingstiltak.

### **§ 10. Diverse arbeid**

Reising, riving eller reparasjon av bygning, graving eller anna arbeid på eller ut mot offentleg stad der det kan bli fare for ferdsla, skal på førehand meldast til politiet. Politiet kan fastsette korleis arbeidsstaden skal sperrast og krevje andre tryggingstiltak til vern for publikum.

### **§ 11. Vedlikehald av bygning m.v.**

Ved vedlikehald av bygningar m.v. på eller ut mot offentleg stad pliktar den ansvarlege for arbeidet å setje opp avvisarar som gjer det tydeleg at det er farleg eller til ulempe å ferdast der.

### **§ 12. Avvisarar**

Når det er fare for at snø eller is kan falle ned frå hustak mot offentleg stad, skal eigaren straks sette opp avvisarar som gjer det tydeleg at det er farleg å ferdast der, og snarast syte for at taket blir rydda.

### **§ 13. Fjerning av sperrar**

Sperringar, avvisarar, stigar e.l. må takast bort når arbeid nemnd i §§ 9, 10 og 11 er gjort eller når faren som er nemnt i § 12 ikkje lenger er til stades.

### **§ 14. Ferdsle på frose vatn eller sjø**

Politiet kan av tryggingssgrunnar sette forbod mot eller gje regulerande førsegner for ferdsla på vatn eller sjø som er frose.

## **Kapittel IV. Reinhald på offentleg stad**

### **§ 15. Fortau m.v.**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar å halde reint fortau og rennestein i samsvar med lokal sedvane og gjere reine lys- og luftegraver som er knytta til eigedomen.

Reinhaldet skal gjerast slik at det vert til minst mogeleg ulempe.

Oppsop e.l. må ikkje leggjast i kloakksluk.

### **§ 16. Snøfall og takras**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar å rydde fortauet utanfor eigedomen for snø og is etter snøfall i samsvar med lokal sedvane og etter takras.

### **§ 17. Strøplikt**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar i samsvar med lokal sedvane å strø fortauet utanfor eigedomen når det er glatt.

### **§ 18. Avløp for vatn**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad skal syte for at avløp for vatn i fortau, rennestein, grøft e.l. vert halde ope.

## **Kapittel V. Hindre tilgrising**

### **§ 19. Hindre tilgrising o.l.**

På, ut over eller like attmed offentleg stad er det forbode:

1. å kaste glas, flasker, spikar, papir, fruktskal eller anna avfall,
2. å grise til med måling, tusj, sprayprodukt e.l. på noko overflate mot offentleg stad, under dette på eller ved bygning, gate, veg, park, anlegg, innretningar og framkomstmiddel,
3. å hengje opp kunngjeringar, plakatar e.l. utan at politiet har tillate dette.

Dette gjeld likevel ikkje oppslag på tavler e.l. som kommunen har godkjent til slik bruk, eller oppslag på eigedom om tilhøve som berre høyrer eigedomen til eller næringsverksemda til dei som bur der.

Det er forbode å rive, skade eller skjemme oppslag som er lovleg sett opp.

Oppslag skal fjernast når dei er forelda.

4. å urinere.

### **§ 20. Avfall**

Den som driv med sal frå portrom, kiosk e.l., eller som driv anna liknande næringsverksemd på eller ut mot offentleg stad, skal syte for at området ikkje vert skjemt eller skitne til av verksemda, og pliktar å syte for at det blir sett opp mange nok korgar for papir og avfall.

Den som arrangerer tilstelling på offentleg stad, skal syte for at papir og anna avfall blir fjerna etter arrangementet.

## **Kapittel VI. Offentlege anlegg**

### **§ 21. Kyrkjegard**

På kyrkjegard er det forbode å sykle, ake eller drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der.

Det er forbode å trengje seg inn på kyrkjegard når den er stengt for besøk.

0 Endra 31 des 2006 - sjå lov 4 juli 2003 nr. 74 § 32, jf. lov 4 aug 1995 nr. 53 § 14 første leden nr. 1 2. punktum.

## **Kapittel VII. Dyr**

### **§ 22. Husdyr m.m.**

Det er forbode å la hest, storfe, sau eller geit gå laus på eller ved offentlig stad utan forsvarleg tilsyn.

Sirkusdyr eller ville dyr må ikkje førast på offentlig stad utan løyve frå politiet.

§ 23. (Opphevd 31 des 2006 - sjå lov 4 juli 2003 nr. 74 § 32, jf. lov 4 aug 1995 nr. 53 § 14 første leden nr. 1 2. punktum).

§ 24. (Opphevd 31 des 2006 - sjå lov 4 juli 2003 nr. 74 § 32, jf. lov 4 aug 1995 nr. 53 § 14 første leden nr. 1 2. punktum).

§ 25. (Opphevd 31 des 2006 - sjå lov 4 juli 2003 nr. 74 § 32, jf. lov 4 aug 1995 nr. 53 § 14 første leden nr. 1 2. punktum).

## **Kapittel VIII. Arrangement på offentlig stad m.v.**

### **§ 26. Søknadsplikt for arrangement på offentlig stad**

Den som på offentlig stad vil lage til arrangement som i hovudsak er av underhaldande, kunstnerisk, selskapeleg eller kommersielt slag, som har ein storleik som opplagt vil føre til behov for omfattande regulering av ferdsla eller vakthald, må søkje om dette innan ein frist som politiet set. Politilova § 11 gjeld tilsvarande.

### **§ 27. Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement utanfor offentlig stad m.m.**

Den som vil lage til eit arrangement som er allment tilgjengeleg, må sende melding i god tid til politiet. Dette skal gjerast sjølv om arrangementet ikkje går føre seg på offentlig stad, når det er truleg at det vert naudsynt med polititilsyn for å sikre ro og orden eller avvikling av trafikken på grunn av storleiken på eller karakteren av arrangementet.

Plikt til å melde frå gjeld óg samkome med dans eller anna tilstelling som i hovudsak er av selskapeleg eller underhaldande art for medlemmer av ei foreining eller liknande samanslutning. Politilova § 11 gjeld tilsvarande.

## **Kapittel IX. Born**

### **§ 28. Offentleg dans e.l.**

Born under 15 år har ikkje tilgjenge til offentleg dans eller liknande allment tilgjengeleg tilstelling utan at dei er saman med foreldre eller føresette.

## **Kapittel X. Ymse føresegner**

### **§ 29. Forsøming av plikt**

Forsømer nokon å utføre det vedkomande har plikt til etter vedtekta eller pålegg gjeve med heimel i vedtekta, kan politiet på vegne av vedkomande setje dette i verk. Den som har forsømt pliktene sine må dekkje utgiftene.

### **§ 30. Straff**

Brot på vedtekta eller pålegg gjeve i medhald av vedtekta, vert straffa etter politilova § 30 nr. 4, om ikkje tilhøvet kjem inn under strengare straffepåbod.

### **§ 31. Iverksetjing**

Denne vedtekta tek til å gjelde 1 månad etter at ho er stadfesta av Justis- og politidepartementet. Forskrift av 4. juli 1952 nr. 3999 om politivedtekt, Ål kommune, Buskerud, fell bort frå same tid.